



Laurdag vart årets fyrste mini-cup i fotball arrangert i Husnes-hallen.

Totalt var det påmeldt 35 lag frå stort sett heile kommunen.



Uskedalen stilte med 30 spelarar fordelt på 5 lag, og alle laga fekk spela 3 kampar kvar.



Vi har vore i gong med treningane våre ei stund no, og dette viste att på dei unge spelarane våre. Alle saman la ned ein stor innsats i kvar einaste kamp, og dette resulterte i mange gode opplevingar for både spelarar og foreldre.

Etterat laga var ferdige med kampane sine fekk alle spelarane premiar. I tillegg til laga på bileta deltok det eitt lag til i 2002-klassen og eitt i 2000-klassen.

Vi har bestemt at denne turneringa markerar slutten på innandørs-treningane våre, og startar difor opp med treningar på Heio i neste veke. Dette gjeld for alle mini-laga og gutar 11-12 år.

Det kjem melding til heimane om kva tider dei ulike laga skal trena på.

På bileta er 1. 2. og 3. klasse, ovanfrå og nedover

Av Odd Steinar Arnesen